

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voss.

Emne :

Bygdelag: Kvitlæ.

Oppskr. av: Johannes Lid (f.1886)

Gard: Lid, gnr. 189

(adresse): Botanisk Museum, Oslo.

G.nr. 189 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, frå 1890-åra.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Brising, brisingen.
2. Alltid brising.
3. Stor brising, liten brising.
8. Jonsokobrisingen var vanleg, alle andre tider var det brising når eit eller anna skulle brennast.
11. Jonsokbrisingen kveikte me jonsokaftan, det var ut-
12. på kvelden kl. 8 - 9 eller so. Før me gjekk heim
13. i 11-tida måtte elden sløkkjast vel.
14. Oftast hadde me brisingen oppe på baret, eller oppe ved løa i Nygjerdslø, eit godt stykke ovafor tunet.
16. Det var berre på visse gardar dei brende brising.
18. På Øvre Lid var det berre me som brende brising, og det heller ikkje alle år. Born og ungdom i granne-tuna var med oss, men sjeldnare eldre folk.
19. Gjentene likså vel som gutane.
24. Me raska ihop kvist og kvas og rotaved og rester etter risgarden i Åsen. Det skulle ikkje brennast det som verdifullt var. Or, bjørk, granabar og eine var det mest av. Frisk eine (sprakje) nørte me med etter kvart som brisingen brann ned.
28. Det hende me hadde med noko fjølatrask heime or tunet.
33. Det galdt om å få brisingen til å loga godt så han kunne vera synleg frå stader langt borte i bygda.
44. Me heldt leik og leven ikring brisingen, ikkje dans.